

Saksbehandlar: Synnøve Stalheim, Sondre Sognnes Haugen, Stine Mari Nyttun Leirdal,  
Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/4114-29

## Regional strategisk plan for kysten 2018-2029

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding: Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029 vert vedteken slik den ligg føre.
2. Kommunane sin del av dei ubrukne midlane til planarbeidet står på konto i fylkeskommunen til kystrådet er etablert. Midlane vert då overført rådet.

### Vedlegg:

1. Strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029
2. Strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029, kunnskapsgrunnlag
3. Oppsummering av innkomne innspel

### Andre relevante dokument i saka:

1. Strategisk plan for kysten 2018-2029, fråsegn frå Bremanger kommune. Skriv frå Bremanger kommune datert 03.05.2018.
2. Uttale til strategisk plan for kysten - Selje kommune. Skriv frå Selje kommune datert 20.04.2018.
3. NVE si fråsegn til offentlig ettersyn av Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 - Sogn og Fjordane. Skriv frå Noregs vassdrags- og energidirektorat datert 26.04.2018.
4. Uttale til offentlig ettersyn av Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 - Sogn og Fjordane. Skriv frå Fiskeridirektoratet region Vest datert 26.04.2018.
5. Høyringsuttale til strategisk plan for kysten frå Flora Bystyre. Skriv frå Flora kommune datert 25.04.2018.
6. Høyringsuttale til strategisk plan for kysten frå Fellesnemnda for Kinn kommune. Skriv frå fellesnemnda for Kinn kommune datert 17.04.2018.
7. Høyring - Regional strategisk plan for kysten 2018-2029. Skriv frå Eivind Kristoffer Hjellum datert 24.04.2018.
8. Høyring - Regional strategisk plan for kysten 2018-2029. Skriv frå Stavøy grendalag datert 24.04.2018.
9. Melding om politisk høyringsuttale strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane. Skriv frå Solund kommune datert 24.04.2018.
10. Ber om utsett frist for å svare på sak - Regional strategisk plan for kysten 2018-2029. Førespurnad frå Fiskeridirektoratet region Vest datert 24.04.2018.
11. Høyring - Regional strategisk plan for kysten 2018-2029. Skriv frå HAFS regionråd datert 24.04.2018.
12. Fråsegn til offentlig ettersyn av Strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029. Skriv frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane datert 24.04.2018.
13. Uttale til offentlig ettersyn av Regional strategisk plan for kysten 2018 - 2029 - Sogn og Fjordane Vedk. 18-00987-2. Skriv frå Direktorat for mineralforvaltning datert 20.04.2018.
14. Fråsegn til offentlig ettersyn av Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 - Sogn og Fjordane. Skriv frå Kystverket Vest datert 23.04.2018.
15. Høyring - Regional strategisk plan for kysten 2018-2029. Skriv frå Fylkesrådet for eldre datert 22.04.2018.
16. Høyringssvar - Regional strategisk plan for kysten 2018-2029. Skriv frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne datert 19.04.2018.
17. Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 - Forholdet til marine kulturminne. Skriv frå Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum datert 16.04.2018.

18. Utsett høyringsfrist for Bremanger kommune. Førespurnad frå Bremanger kommune datert 06.04.2018.
19. Sogn og Fjordane fylkeskommune - Offentleg ettersyn - Regional strategisk plan for kysten 2018-2029 - Uttale frå Avinor. Skriv frå Avinor datert 04.04.2018.
20. Høyring - Regional strategisk plan for kysten. Skriv frå Ungdomspolitisk utval datert 17.03.2018.
21. Høyringssvar - Regional strategisk plan for kysten 2018-2029. Skriv frå Eivind Kristoffer Hjellum datert 14.03.2018.
22. Tilleggsuttale til Strategisk Plan for Kysten (L)(87535). Skriv frå Vågsøy kommune datert 24.04.2018.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Sett under eitt det ikkje gjort store endringar i planen etter høyringsrunden. Nokre av innspela ligg innanfor andre planar sitt verkeområde, og desse er derfor ikkje handsama her. Endringane som er gjort, dreier seg hovudsakeleg om formuleringar og supplering av arbeidsoppgåver under strategiområda. Innspela som fylkesrådmannen føreslår gjennomført er innarbeidd i plan-forslaget som ligg føre, jf. vedlegg 1.

Det vart budsjettert med 3 mill. kr. til utarbeiding av planen. Då planarbeidet blir ferdigstilt, vil ein del midlar vere ubrukt. Ordførarane ønskjer at dei ubrukne midlane frå kommunane vert tilført kystrådet.

### **2. Bakgrunn for saka**

Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029 har vore til offentleg ettersyn (jf. FU-sak 26/2018). I samband med høyringa er det kome 22 høyringssvar til planarbeidet.

Hovudmål for arbeidet har vore: «*Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og fleire gjestande*». Ei meir utfyllande omtale av arbeidet og plan-prosessen er gitt til fylkesutvalet i møtet den 07.03.2018 (jf. FU-sak 26/2018).

Satsingsområda i planen er:

1. Etablere eit kystråd
2. Ta styringa i kampen om sjøareal og strandsone
3. Knyte saman kysten med betre infrastruktur
4. Auke skaparkrafta og evna til nyskaping

Etter høyringa, 04.05.2018, hadde strategigruppa møte der innspela vart gjennomgått. Strategi-gruppa sine framlegg til endringar er i hovudsak tatt omsyn til i planframlegget og i kunnskaps-grunnlaget. Ordførarane var elles godt nøgde med prosess og arbeidet som var gjennomført.

### **3. Høyringsuttalar**

Det er kome 22 høyringssvar. Innspela er i hovudsak knytt til dei fire satsingsområda og til kunnskapsgrunnlaget. Dei ni kystkommunane har hatt prosess i eigen kommune, men fleire av innspela er spela inn gjennom regionråd eller fellesnemnd. Vidare har NVE, Fiskeridirektoratet, Stavøy grendalag, Fylkesmannen, Direktorat for mineralforvaltning, Kystverket, fylkesrådet for eldre, fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum, AVINOR og ungdomspolitisk utval gitt uttalar. Det har også kome inn uttale frå ein privatperson.

Under er innspela drøfta. Viser elles til vedlegg 3 Oppsummering av innkomne innspel for ei samla oversikt og framlegg til endringar i plandokumenta.

### **Etablere eit kystråd**

Til satsingsområdet «*Etablere eit kystråd*» har vi fått fem innspel frå sju høyringspartar. Tre innspel stiller spørsmålsteikn ved kva oppgåver kystrådet skal ha og kva rolle det skal spele, spesielt andsynes dei eksisterande regionråda. Fylkesrådmannen vil presisere at kystrådet ikkje skal vere eit nytt regionråd. Kystrådet bør drøfte si rolle og kva tema dei ønsker å ta tak i når rådet er konstituert.

Ungdomspolitisk utval og fellesnemnda for Kinn kommune (samt Flora og Vågsøy kommune) gav innspel om at det bør etablerast eit kystråd for ungdom, med representantar frå ungdomsråda i kystkommunane. Innspelet blei drøfta i strategigruppa. I diskusjonen blei det vist til røynsler frå ungdomsråda i kommunane og fylkesting for ungdom. Desse tyder på at det kan vere krevjande å realisere eit slikt kystråd for ungdom, både av økonomiske og praktiske årsakar. M.a. blei det peika på at mange ungdommar bur på hybel i andre kommunar enn den dei representerer politisk. Det kan likevel bli aktuelt å etablere eit slikt ungdomsråd ved eit seinare tidspunkt. Strategigruppa foreslo å legge til følgjande oppgåve, med kystrådet som initiativtakar: «*Sikre medverknad og involvering av ulike interessegrupper i utviklingsarbeidet langs kysten*».

### **Ta styringa i kampen om sjøareal og strandsone**

Til satsingsområdet «*Ta styringa i kampen om sjøareala*» har vi fått åtte innspel frå åtte høyringspartar.

Selje kommune har innspel om at formuleringa «ta styringa i kampen om sjøareala» er misvisande og at den ikkje speglar innhaldet i strategien på ein god måte. Fylkesrådmannen sin intensjon med formuleringa var å spisse budskapen, og strategigruppa støtta dette. Selje kommune hadde i tillegg innspel om at arbeidet med å få på plass ein funksjonell strandsone vil kunne bli viktig for utviklinga på kysten. Vidare hadde fellesnemnda for Kinn kommune (samt Vågsøy og Flora kommune) innspel om at planen må legge til rette for å kunne bruke 100-metersbeltet både til fritid, bustad og næring, der det ligg til rette for dette. Strategigruppa ønska å følgje opp desse innspela ved å legge til «*strandsona*» i strategioverskrifta. Fylkesrådmannen har innarbeidd dette.

Fiskeridirektoratet har innspel om at fylkeskommunen bør oppmode, eller sjølv ta initiativ til oppstart av interkommunale arealplanar for sjøområda langs kysten. Strategigruppa ønskjer at ev. interkommunale arealplanar skal initierast av kommunane sjølve, og at behovet i første omgang er å få til eit felles kunnskapsgrunnlag. Innspelet frå Fiskeridirektoratet er derfor ikkje følgt opp.

HAFS regionråd har innspel om at kompetanseutvikling og informasjonsutveksling mellom representantar for arealkrevjande næringar og lokalpolitikarar på kysten bør vere ei oppgåve i planen. Strategigruppa støtta innspelet, og fylkesrådmannen har innarbeidd dette. Innspela frå Direktorat for mineralforvaltning og fylkesmannen er teke til vitande.

### **Knyte saman kysten med betre infrastruktur**

Til satsingsområdet om å «*Knyte saman kysten med betre infrastruktur*» har vi fått 16 innspel frå ni høyringspartar. Fleire handlar om tema som er handsama i Regional transportplan Sogn og Fjordane 2018-2027. I møte med strategigruppa viste fylkesrådmannen til at Strategisk plan for kysten ikkje kan endre på prioriteringane i vedteken Regional transportplan, men foreslo å gi kystrådet i oppgåve å «*etablere semje langs kysten om prioriteringane i neste handlingsperiode i Regional transportplan (2022-2025)*». Strategigruppa støtta denne tilrådinga.

Fellesnemnda for Kinn kommune har innspel om at «*auka persontrafikk med båt langs kysten må kunne realiserast tidlegare enn i gjeldande planverk, og innanfor gjeldande konsesjonsperiode*». Innspelet vart drøfta i strategigruppa som ønskte å tilføre ei oppgåve som følgjer opp dette innspelet. Fylkesrådmannen har lagt til «*Arbeide for auka persontrafikk med båt langs*

*kysten»* som oppgåve i plandokumentet, med kystrådet som initiativtakar, og iverksetjing innanfor tidsrommet 2018-2021.

Selje kommune har innspel om at satsinga på å betre infrastruktur for å utvide BAS-områda må inkl. kommunikasjon ut av fylket. Innspelet er tatt til følgje, og innarbeida under strategiområde tre. Stavøy grendalag har innspel om at dei lokale båtrutene i Florabassenget må bevarast, og aller helst utvidast. Det er formulert eit eige tiltak om dette, omtala over.

Kystverket informerer i si uttale om at dei jobbar med to prosjekt for farleiltak mellom Bergen og Stad som er spelt inn til Nasjonalt transportplan. Dei skriv at gjennomføringa vil avhenge av støtte frå fylkeskommunen og kommunar. Kystverket oppmodar også næringsaktørar og kommunane langs kysten til å søke på deira tilskotsordning for godsoverføring og hamnesamarbeid. I møte med strategigruppa tilrådde fylkesrådmannen å legge til oppfølging av dette innspelet som ei ny oppgåve i strategien, med kystrådet som initiativtakar. Strategigruppa støtta denne tilrådinga.

Direktorat for mineralforvaltning meiner at mineralressursar bør handsamst betre i kunnskapsgrunnlaget. Innspelet er tatt til følgje, og kunnskapsgrunnlaget som ligg føre er supplert. Direktorat for mineralforvaltning sitt innspel om at ein bør unngå konflikt med sjøtransport til/frå mineralførekomstane og Stavøy grendalag sitt innspel om at kysten er avhengig av at andregenerasjonsbreiband blir utbygt så raskt som mogleg, er tatt til vitande.

### **Auke skaparkrafta og evna til nyskaping**

Til satsingsområdet «*Auka skaparkraft og evna til nyskaping*» kom det 14 innspel frå sju høyringspartar. I tillegg kom det inn eit innspel frå strategigruppa på møtet 04.05.2018.

Både Selje kommune og Eivind Hjellum har innspel om at ein må komme bort frå tanken om at kysten berre har kystnæringar, men at attraktivitet blir sikra gjennom næringsmangfald. I tråd med dette legg Direktorat for mineralforvaltning i sitt innspel vekt på at det ligg eit grunnlag for næringsutvikling innanfor mineralnæringa. Fylkesrådmannen har teke innspela til følgje, og endra nemninga «*kystnæringane*» til «*næringslivet på kysten*» i strategidokument og kunnskapsgrunnlag. Likeeins føreslo strategigruppa å legge til eit eige punkt om betydinga av breidde og variasjon i arbeidsmarknaden for tilflytting og busetjing i kystregionen. Fylkesrådmannen har innarbeida innspelet i planforslaget som ligg føre.

Det kom også innspel frå Eivind Hjellum om at regionen må bli tilført nye oppgåver innan handel, offentleg forvaltning og høgare utdanning. Frå same person blir det lagt vekt på at Flora bør bli tilført statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar sidan Flora er utpeika som regionscenter for kysten. Fylkesrådmannen har teke innspela til vitande, og vurderer at dette kan vere noko av kystrådet sine oppgåver å arbeide med.

I si uttale hadde fellesnemnda for Kinn kommune innspel om at det er behov for ein ambisjon om at prosjekt/satsingar kan bli gjennomført gjennom, og dels finansiert av, internasjonale ordningar. I tillegg meiner fellesnemnda at det er behov for ei satsing på kompetanse og næringsutvikling knytt til nullutslepp innan samferdsle og båt. Strategigruppa var einige i innspela, og desse er innarbeida i satsingsområdet.

Tre av innspela er knytt til vidaregåande skule og høgare utdanning. Selje kommune skriv at ein bør styrke vidaregåande og høgskuleutdanninga innan marin og maritim næring. Likeeins har Eivind Hjellum innspel om at HVL si ingeniørutdanning om Subsea i Florø bør byggast ut med andre teknologifag, og at akvakulturutdanninga ved HVL bør bli etablert på nytt i Florø. Delar av innspela blir ivaretatt av Verdiskapingsplanen og skulebruksplanen, men fylkesrådmannen har også lagt inn eit punkt om at kystrådet skal arbeide med utdanning innan marin og maritim næring.

To av innspela er knytt til reiselivsnæringa. Selje kommune meiner det trengs ein strategi for å løfte turismen på kysten gjennom erfaringsutveksling, nettverksbygging og felles prosjekt.

HAFS regionråd har innspel om at det bør vere eit eige punkt om «*verdiskaping i verneverdig kultur og naturlandskap, med fokus på berekraftig bruk innan reiseliv og utmarksbasert landbruk.*» Strategigruppa meiner at desse punkta allereie er godt nok dekkja av satsingsområdet, og fylkes-rådmannen har ikkje gjort endringar som følgje av desse to innspela.

### **Kunnskapsgrunnlaget**

Til kunnskapsgrunnlaget i planen har vi fått to innspel frå to høyringspartar.

Bergen sjøfartsmuseum har innspel om at kunnskapsgrunnlaget burde omfatte informasjon om kva tyding kulturminne har for tal besøkande i kystkommunane. Fylkesrådmannen si vurdering er at dette arbeidet er for omfattande å følgje opp i denne planen, og er usikker på nytteverdien av dette. Innspelet kan ev. vurderast i samband med revisjon av verdiskapingsplanen.

Eivind Hjellum ønskjer at kunnskapsgrunnlaget i større grad forklarar kvifor kysten av Sogn og Fjordane har utvikla seg svakare enn kysten i andre fylke. Fylkesrådmannen si vurdering er at dette er delvis handsama i kunnskapsgrunnlaget, m.a. i avsnitt 2.7, men opna i møte med strategigruppa for å følgje dette betre opp i kunnskapsgrunnlaget. Strategigruppa var på si side opptatt av signaleffektane av å vektlegge dette i planarbeidet, og ønskte ikkje å følgje opp dette innspelet. Fylkesrådmannen har difor teke innspelet til vitande.

### **Andre innspel**

Det kom 14 innspel som ikkje kan knytast til ei av dei fire satsingane, eller til kunnskapsgrunnlaget. Fire av innspela er knytt til hovudmålsetjinga i planen. I høyringsutkastet er hovudmålsetjinga: «*Ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande*».

Selje kommune føreslår å endre formuleringa til «*Ein attraktiv kystregion med gode moglegheiter for å bu, drive næring og besøke*», medan fellesnemnda for Kinn kommune (samt Flora og Vågsøy kommune) føreslår å byte ut ordet «*mange*» i planen si hovudmålsetjing, med ordet «*fleire*». Fellesnemnda si vurdering er at ei målsetjing om mange gjestande kan kome i konflikt med omsynet til berekraft. Strategigruppa drøfta innspelet, og støtta fellesnemnda for Kinn sitt endringsforslag. Fylkesrådmannen har difor endra hovudmålsetjinga, og mange gjestande er endra til fleire gjestande.

I tillegg tek innspela frå Eivind Hjellum og Selje kommune tak i omgrepet «*attraktivitet*», som dei meiner bør definerast tydelegare. Dei etterlyser vidare konkrete handlingsplanar, og prosjekt som namngjevne personar eller institusjonar får ansvar for å følgje opp. Det er fylkesrådmannen si vurdering at dette er handtert i planen slik den ligg føre, og strategigruppa var samd i denne vurderinga.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og fylkesrådet for eldre spelte inn at sine respektive fylkeskommune og brukarorganisasjonar må bli involvert for at omsynet til høvevis eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal bli ivareteke. Innspelet nemner både det fyrste satsingsområdet om *etablering av kystråd* og det tredje om å *knyte saman kysten med betre infrastruktur* som viktige satsingar å bli involverte i. Strategigruppa vurderte involvering som viktig i den vidare prosessen, men at det er unaturleg å avgjere i plandokumentet *kven* som skal høyrast og *korleis* det skal skje. Viser elles til vurderingar knytt til ungdomspolitisk utval, og at «*Sikre medverknad og involvering av ulike interessegrupper i utviklingsarbeidet langs kysten*» er innarbeidd i planforslaget.

Vågsøy kommune sitt innspel om å erstatte kulepunktet om sjømat på s. 9 i hovuddokumentet til fordel for to nye om akvakultur og vidareforedling av sjømat på land gjeld Regional plan for verdiskaping, og er derfor tatt til vitande. Bremanger kommune har innspel om at det ikkje bør vere eit mål om felles arealplan for kystkommunane. Dette er ikkje eit mål per i dag, og innspelet er derfor tatt til vitande.

Bergen sjøfartsmuseum meiner kystkommunane bør bli oppfordra til å utarbeide kulturminneplanar. Fylkeskommunen har ei pågåande satsing på dette, og tek difor innspelet til vitande.

Noregs vassdrags- og energidirektorat og AVINOR har ingen merknader til planen.

Solund kommune stiller seg bak høyringsfråsegna frå HAFS regionråd, og har elles ingen merknader.

### **Økonomi**

Det var budsjettert med 3 mill. kr. til utarbeiding av planen. Grunna høgare eigeninnsats frå fylkeskommunen si side vil det stå att om lag 1,650 mill. når planarbeidet er ferdig. Ordførarane ønskjer at dei ubrukne midlane frå kommunane, dvs. om lag 0,5 mill., skal gå til arbeidet i kystrådet. Fylkesrådmannen rår difor til at kommunane sin restdel av midlane står på konto i fylkeskommunen til rådet er etablert, og at midlane vert overført rådet då.

### **Vidare oppdatering av planen**

FT gjev venteleg fellesnemnda (Vestland fylkeskommune) i oppgåve å starte opp førebuande arbeid med regional planstrategi, jf. vedtak i FN-sak 17/18). I denne vil alle planane til dagens fylkeskommunar blir evaluerte og vidare status bli vurdert.

Behov for rullering av handlingsprogrammet skal elles vurderast årleg (jf. Pbl. § 8-1).

### **Merknad**

Avsnittet om «*Politiske vedtak undervegs*» på side seks i plandokumentet og punkt to om «*Planprosessen*» og punkt tre om «*Medverknad*», i fyrste del av kunnskapsgrunnlaget, blir oppdatert etter vedtak av planen.

## **4. Konklusjon**

Det er kome inn 22 høyringssvar med til saman kring 60 innspel. Innspela er i hovudsak knytt til dei fire satsingsområda og til kunnskapsgrunnlaget. Ein del av innspela kom til delar som er handsama i andre planar, eksempelvis Regional transportplan og Regional plan for verdiskaping. Desse innspela er tatt til vitande, og vidare sendt til rett instans. Fylkesrådmannen har i samråd med strategigruppa vurdert resten av innspela, og teke 27 av desse heilt eller delvis til følgje og innarbeidd dei i forslaget som ligg føre.

Fylkesrådmannen rår til at regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018-2029 vert vedteken slik den ligg føre og at kommunane sin restdel av midlane vert overført kystrådet.